

RADØY KOMMUNE
 Radøyvegen 1690
 5936 MANGER

Dato: 02.02.2016
 Vår ref.: 2016/1217-1
 Saksbehandlar: greloh
 Dykkar ref.:

Intensjonsavtale om læreplass for 2016

Fylkeskommunen har ansvar for å formidle elevar frå skole til lærebedrift. For at flest mogleg unge skal få læreplassen, og for at bedrifta skal få dei lærlingane de ønskjer seg, er intensjonsavtalar eit nyttig reiskap.

Intensjonsavtalen er ikkje forpliktande for bedrifta når det gjeld å ta inn ein lærling, men gir eit signal om at bedrifta er interessert føresettt at de finn den rette personen.

Fagopplæringskontoret foreslår dette talet på læreplassar pr. fag for dykkar verksemd:

Sjå vedlegg.

Tala er eit gjennomsnitt av lærlingar verksemda har hatt dei siste 4 åra. Vi ber om at de korrigerer oss på dette slik at vi saman prøver å kome fram til eit så rett tal som mogleg med omsyn til læreplassar for 2016.

Intensjonsavtalar er viktig for å seie noko om næringslivet sitt behov for lærlingar. Nokre næringar har dei kandidatane dei treng, mens andre sårt treng fleire. Intensjonsavtale er også viktig fordi det er eit signal til ungdommen om at bransjen har behov for folk og er villig til å ta sin del av opplæringsansvaret.

Dersom de ikkje har høve til å ta inn lærling i år, ber vi om at de reserverer dykk. Bruk følgjande e-post: fagopplaering@hfk.no

Bedriftene vil få oversikt over søkjarar til læreplass på **vigobedrift.no**. Bruk denne nettsida til å finne din lærling.

Dersom Fagopplæringskontoret ikkje har fått tilbakemelding innan 12. februar, vil bedrifta dykkar bli oppført med dei intensjonsavtalane som vi har foreslått for kvart fag de er godkjende i. Bedrifta vil då ha tilgang til opplysningar om søkjar sine personalia og karakteroversikt på **vigobedrift.no** frå veke 10.

Det vert gitt tilskott til lærebedrifter som tek inn lærlingar og lærekandidatar.

Fagopplæringskontoret håper at flest mogeleg av dei godkjende lærebedriftene i Hordaland vil ta inn lærlingar i løpet av 2016.

Vi ser fram til eit godt samarbeid, slik at elevane får fullført opplæringa si og bedriftene får tilstrekkeleg rekruttering.

Ta gjerne kontakt med oss i tilfelle spørsmål.

Torbjørn Mjelstad
fagopplæringssjef

Grethe Juvik Lohne
Spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

RADØY KOMMUNE

FAG	Antplass
Barne- og ungdomsarbeiderfaget	4
Helsearbeiderfaget	2
Institusjonskokkfaget	1